

## BLAD

Returadresse:  
Kyrkjebakken  
Austrheimsvegen 1262  
5943 Austrheim

*Nr. 05- 2019 Juni nummeret 48. årgang Nytt stoff innan 13. august 2019*



**KYRKJEBAKKEN**  
*Informasjonsblad for Austrheim sokn*





## KYRKJESKYSS

Treng du skyss for å kome deg til gudsteneste?

Då kan du ringe kyrkjekontoret  
tlf. 56 16 72 90 (før fredag kl. 14)  
Eldbjørg Vikane tlf. 95 94 77 35  
eller Svanhild Neteland tlf. 41 62 73 90

## Austrheim Kyrkjelyd

Kyrkjelydskontoret, 5943 Austrheim  
Tlf. 56 16 72 90

E-post: post.austrheim@kyrkja.no  
www.austrheimkyrkja.no

### Kontortider:

Sokneprest: Treffid etter avtale

### Bustadtelefonar:

Sokneprest Harald Sundsbø 95 97 68 64  
Kyrkjeverje Leif Arne Økland 40 06 52 31  
Organist og kyrkjelydspedagog  
Jostein Hauge 40 46 62 11  
Kyrkjetenar Gry Haukeland 41 30 85 58  
Soknerådsleiar Helge Dyrkolbotn 41 66 26 10

## KYRKJEBAKKEN

### Redaksjonen

Utgjevar: Austrheim sokneråd  
Redaksjon: Svein T Villanger,  
Jostein Hauge  
Leif Arne Økland  
Jorunn Kårdal.

Bankgiro: 3490.07.04196  
E-post: kyrkje@online.no

# Gudstenester

I AUSTRHEIM SOKN

### 09.juni

Innsetjingsgudsteneste i Austrheimkyrkja for  
Rune Minde kl 11.00. Prost Helge Taranrød er med.  
Bli med og ta i mot vår nye prest!

### 15. – 16. juni

Døgneleir på Rongevær for 7-10 åringar.

### 16. juni

Friluftsgudsteneste på Rongevær.  
Båttransport går frå Baløy kl 10.30. Gudstenesta  
startar når alle er kome over. Kyrkjekaffi

### 21. juli

Gudsteneste i Austrheimkyrkja  
kl. 11.00 ved Kurt Soltveit

### 11. august

Friluftsgudsteneste i Årevikane  
kl. 16.00 ved Rune Minde

### 18.august – Gudsteneste

i Austrheimkyrkja  
kl. 11.00 ved Rune Minde

50-års  
konfirmantar

Søndag

13.oktober 2019

Set av datoen for  
gudsteneste og fest.

# 9.JUNI: PINSEDAG.

**Fred etterlèt eg dykk, min fred gjev eg dykk.  
Eg gjev dykk ikkje fred på same måten som verda  
gjer det. Lat ikkje hjarta dykkar uroast,  
og ver ikkje motlause! Joh.14 27.**

Her har eg henta ut eit vers av det som er evangelieteksten på denne høgtidsdagen i år. Pinse er den tredje av dei store kristne høgtidene. Men også den vanskelegaste å forstå. Eit barn i krubba julaftan og den tomme grava på påskedag er gjerne enklare å forhalda seg til. Likevel var det mange fleire i samtida som opplevde verknadene av pinse då 3000 vart døypte på pinsedagen!

Pinse handlar om Den heilage ande som kom. Slik det er skildra i Apostelgjerningane kapittel 2. Den vert også rekna som kyrkja sin fødselsdag. Den liturgiske fargen i pinsa er raud - blodets, andens og eldens farge. Pinse kjem frå det greske ordet for femti, pentekoste, fordi den kjem 50 dagar etter påske.

Opprinneleg var pinsa ei jødisk haustfest, som står omtalt i Det gamle testamentet, mellom anna i 5. Mosebok 16,9-12. Den jødiske pinsa vart også kalla kornhaustfesten og er ein av de tre jødiske valfartsfestane. Jødar frå alle delar av verda strøynde til Jerusalem for å ta del i pinsefeiringa ved tempelet.

Anden er først og fremst eit uttrykk for Guds nærvær. Sjølv om Jesus ikke lenger er på jorda er Gud framleis heilt nær menneskene gjennom Den heilage ande.

Den er Guds kraft og det som gjev liv til kyrkja og dei kristne. Anden er også den talspersonen som Jesus lova disiplane, og som gjorde at dei no kunne fortelja om Jesus og hans oppstode for alle menneske, både i Jerusalem og over hele verda.

I avskilstalen til læresveinane tok Jesus fram mykje om den nye situasjonen som skulle verta etter han ikkje var fysisk saman med dei «Det er det beste for dykk at eg går bort», sa han. Og då var det Andens kome han viste til som noko betre. Og mykje av dette finn vi i freden og tryggleiken som han etterlet seg.

**Kved upp, Guds folk, syng høgt i kor!  
No er det kvitsunnhelg på jord.  
Guds Ande kjem med heilag glod,  
kved upp, Guds folk, med helgaljod!  
Han til si Kyrkja enno kjem  
som fordom i Jerusalem.  
Han kjem uti sin heilagdom  
til deim som honom gjeva rom.**

*Elias Blix i Norsk Salmebok nr 235 v 1+2*

**God pinse!  
Harald Sundsbø**



## Kyrkjebøkene i Austrheim

### Døypte

18.april Oliver Stusdal  
05.mai Sofia Kolås Låstad  
Peder Gjerde Hope

### Gravlagde

30.april: Einar Fjellstad f. 1932



## TAKK FOR EIT FLOTT ÅR SAMAN MED KONFIRMANTANE

Lykke til vidare.

De har alltid ein plass i Austrheimkyrkja!



AUSTRHEIM OG FEDJE KONFIRMANTANE 2019

### TAKK

80 årsjubilanten Helene takkar diakoninemda for den raude rosa og takk til Anny som kom med den. Ho gjev seg tid til kaffi og prat (hyggeleg).

*Helsing Helene.*

### HJARTELEG TAKK

for minnegåva som vart gitt til Nordliheimen i samband med gravferda til Lillian Hopland og Einar Fjellstad.

*Hjarteleg helsing personalet og bebruarane v/Nordliheimen.*

### TAKK

til Austrheim Husmorlag for pengegava til innkjøp av kjøkkenutstyr.

*Takksame helsingar frå bebruarane og personalet ved Nordliheimen.*

### HJARTELEG TAKK

for blomster og helsingar på 95-års dagen min.

*Beste helsing  
Aslaug Rørtveit*

### TAKK

Vi, ektemann Alf, sønn Helge, barnebarn og oldebarn, føler stor takknemmelighet til dere hvite engler på Nordliheimen. Takk for deres behandling og omsorg ovenfor Else frem til hun ble overtatt av Vår Herre. Dere gjorde møtet med døden til en fin og verdig stund for Else og hele familien

Da vi skulle si farvel til Else på Nordliheimen, var hele familien samlet på rommet. Oldebarna hadde skrevet små beskjeder og tegninger som de gav tiloldemoren sin. Dette ble en svært gripende stund for alle. Oldebarna gav henne gode klemmer, og fikk sagt farvel på sin måte.

Vi, Elses nærmeste familie, var samlet på gravlunden hvor Elses urne skulle settes ned. Her skulle hun få sitt siste, endelige hvilested. Vår Herre tok regien og sin barmhjertighet over oss. Han lyser opp hele gravlunden med sol til oss, på en ellers regnfull dag. Jeg tolker det slik at Vår Herre nå har tatt vare på Else, han overtar slik at hun ikke lenger plages med sykdom og smerter.

Takk til de som fulgte Else til hennes bisettelse. Takk til presten Hans Kenneth Sundsbø og Hauglandshella begravelsesbyrå. Takk til som har vist omsorg og støtte i denne tiden.

*Hilsen Alf med familie*





# 17.mai

Det var to flotte gudstenester i Austrheim på grunnlovsdagen. Først var me i Austrheimkyrkja der Austrheim skulekorps deltok med flott korpsmusikk, og 6.klassingar gjekk med flaggborg. Ein fin start på dagen før me gjekk ut til krigsminnebautaen og la ned krans. Etterpå starta folketøget.

Så gjekk ferda vidare for Harald Sundsbø og Jostein Hauge. Neste gudsteneste var på Kaland barne- og ungdomsskule. Her stilte Kaland skulemusikklag med flott korpsmusikk også. Her ser du Mille og Theodor, to gode hjelparar som delte ut foldere til alle som kom. Her fekk Harald og teamet ein flott blomst av 17.mai komiteen. Tusen takk.

**Takk for ei fin dag,  
og for ei flott feiring saman!**



# LØPPEMARKED

Sted: Austrheim Samfunnshus  
LØRDAG 15. Juni - KL 11.30 - 14.30

INNLEVERING AV LOPPER:

FREDAG 14.JUNI

kl. 17.00 - 19.00

NB! IKKE TEKSTILER

**LOPPER OG KAFE – KUN KONTANTER**



Arrang: eierlagene av Samfunnshuset

# BASAR

AUSTRHEIM SAMFUNNSHUS  
08.9 blir det igjen basar til driften av Samfunnshuset.

Ingen basar uten gevinster, og vi tar oss den frihet å spørre om noen vil støtte med gevinster.

Vi selger lodd på bok og har itillegg åresalg på basaren.  
Trenng du hjelp på festen, må du melde på følgje ditt også.

*Hjarteleg velkommen.*



Ta kontakt med Asbjørg Lohne:  
tlf 918 07 436.



# NYTT FORSAMLINGSHUS VED KYRKJA


Tysdag 30. april hadde vi eit ope møte i kyrkjelydssalen med den svært kjende arkitekten Todd Saunders.

Han presenterte for oss planane om eit nytt bygg ved kyrkja, som han og firmaet hans har laga eit skisseutkast til. Utkastet vart presentert på møtet. Omtalen av dette prosjektet er elles omtalt på Austrheimkyrkja si heimeside og i lokalpressa. Todd Saunders er født og oppvaksen i eit kystmiljø på New Foundland i Canada, i eit landskap som minner mykje om Austrheim.

Motivasjonen hans for å gjera akkurat dette prosjektet var og er stor. Han er oppteken av å kopla saman det lokalhistoriske og det moderne og han formidla dette på ein måte som gav god gjenklang hos dei som var tilstades på dette møtet.

Soknerådet, som har tatt initiativet til å få dette prosjektet realisert, ønskjer å byggja eit hus som kan brukast av alle.

Økonomien for å få realisert dette er naturleg nok ikkje i boks endå og er noko ein vil jobba aktivt med dei næraste åra.



## FREDSMARKRERING PÅ SELSØY 8. MAI

Etter nokre varme og fine vårdagar i byrjinga av mai, vart det stort temperaturskifte. Då me kom til Selsøy i god tid før programmet starta kl. 11, la nok sluddbygene ein liten dempar på stemnimnga mellom dei 130 frammøtte. Men ting endra seg raskt: under gustenesta kom sola og varma oss opp og viste seg heile tida under programmet vidare. Å opna samlinga med ei fredsgudsteneste har vore tradisjon i alle år frå samlingane starta på Selsøy i 1993. Denne gongen fekk eg høve til å vera med og sjå det fine anlegget som Neptun Seniorklubb har laga til der ved radiohytta.

Austrheim Skulekorps skapte ei verdig ramme om samlinga ved å spela til salmane og eigne musikkinnslag. Ordførar Per Lerøy kom med helsing på dagen, 9.klasse frå Årås skule hadde framføring av eit program dei hadde lagt til rette, og viseadmiral Leonard Revang hadde tale for dagen og la ned krans på minnesmerket.

Mange hadde mat og kaffi med, og det vart ei trivelg stund saman. Mange nytta også høvet til ein tur opp til radiohytta litt lenger oppe på øya.

**Harald Sundsbø**



## MASTREVIK TORG - EIN TRIVLEG STAD FOR STORE OG SMÅ

- Daglegvare/post i butikk • Apotek • Klede/gull/gåver/glas • Kafe • Elektro/kvitevarer/belysning
- Barneklede • Bokhandel/leikar • Jernvarer/fargehandel • Båt- og fiskeutstyr • Bank/minibank
- Blomar • Gardiner/utstyrsvare • Politi • Bensinstasjon/bilverkstad • Senterkontor 476 79 583

Vi er sannsynligvis en av universets største uavhengige bilverkstedkjeder...

Rune Austrheim  
Fosnøy Bilsenter AS  
Telefon: 56 16 75 50

**BOSCH**  
Service

Car Service

...Så vidt vi vet. All kunnskap og erfaring er samlet i vårt verksted. [www.fosbilsenter.no](http://www.fosbilsenter.no)

For everything your car needs.

## DIN RØRLEGGER I DISTRIKTET !

Kontor tlf. 56 17 07 10 – fax. 56 17 07 11

Vi påtar oss store og små oppdrag!  
Når kvalitet og service teller



## MINI FRISØRSALONG

Ønsker velkommen  
til gamle og nye kunder.  
Vi treffes på Årshøgda 10.



Timebestilling:  
Mandag, Tirsdag, Torsdag og Fredag.  
Onsdag er stengt  
Telefon 56 16 92 00/ 95 21 46 16

Alla Kurinna og Rieko

Tannlege  
Otto Førde  
i Mongstadkrysset



Jeg tar imot nye pasienter  
og yter akutt hjelp.

Telefon vakt 56 16 98 35



Panasonic  
Varmepumper

5937 BØVÅGEN  
Mob. 481 31 534  
[byggboe@online.no](mailto:byggboe@online.no)

Vatne  
Begravelsesbyrå

Vi kan hjelpe til med rådgivning og tilrettelegging ved begravelser og bisettelser.

Ring døgnvakt:  
56 35 09 10  
[www.vatne-byra.no](http://www.vatne-byra.no)  
Kvassnesvegen 11  
5914 Isdalsbø

## Gravminner

Norsk design og produksjon.  
Se utvalg på: [www.oienstein.no](http://www.oienstein.no)  
Ta kontakt for tilbud. Service.



Gunnar Nilsen, 5943 Austrheim  
Tlf. 56 16 98 84 el. 41 43 98 87



## BIBLIOTEKET - OPNINGSTID

### HOVUDBIBLIOTEKET:

24.juni – 19.august er det sommarope:

tysdag og fredag kl 10-15  
onsdag kl 14-19

8.juli-22. juli er biblioteket stengt  
Tlf.nr. 56 16 20 07

E-post: [bibliotek@austrheim.kommune.no](mailto:bibliotek@austrheim.kommune.no)

### FONNES FILIAL FØLGJER SKULERUTA.

Torsdag: Skulebibliotek frå 11:30  
Biblioteket er ope til klokka 16:30

### SOMMARBIBLIOTEK I ÅRVIKA OG ØKSNES FRILUFTSOMRÅDE

Tlf.nr. 56 16 21 61

E-post: [fonnes.bibliotek@austrheim.kommune.no](mailto:fonnes.bibliotek@austrheim.kommune.no)

## BASSENGET PÅ KALAND:

### OPNINGSTIDER:

Måndag kl. 17-18 Familie/born  
kl. 18-19 (foreldre med små  
born vert prioritert)  
kl.19-20 Pensjonistar  
k. 20-21 Vaksne

Fredag kl. 17-21 for alle

Bassenge føl skuleruta  
og er stengt i skuleferiar.

Billettprisar: Vaksne kr. 40,-  
Born under 16 år kr 20,-



## LEGEVAKT/ AMBULANSE

Akutthjelp lege 113 heile døgeret.

### Legevakt 116117

#### Austrheim legekantor

Tlf. 56 16 82 00

Opningstider for publikum:

Kl.08.30 - 15.00.

Telefontid: 08.30 - 12.00 og  
13.00 - 15.00.

### INGEN RESEPTBESTILLING MÅNDAGAR!

#### Årås helsestasjon

Åpningstider for publikum:

kl 08.30- 15.00

Helsesøster tlf. 56 16 82 11

Jordmor:

tlf. 56 16 82 12 (kun onsdag)

Psykisk helse: tlf. 56 16 82 13

### NYE TELEFON NR. I PLEIE OG OMSORG :

Nordliheimen : 56 16 20 40

Nordliheimen/kjøkken:  
56 16 20 49

Vestlia: 56 16 20 55

Heimesjukepleien: 56 16 21 23  
(ring Nordliheimen etter kl. 15.30)



Vi leverer mat til alle anledninger,  
der du vil eller vi ordner lokaler

• Bryllup • Dåp • Åremål • Minnestund • Møte

Vi tilbyr også

• Snitter • Tapas • Gryteretter • Koldtbord

Ta kontakt for et uforpliktende tilbud!

Knüter  
CATERING

Knut Owe Larsen | 90 12 16 24 | [www.knutercatering.no](http://www.knutercatering.no)

## GRAVMINNER

Løvaas  
Naturstein



Tlf. 55 92 25 30 • Espehaugen 54, 5258 Blomsterdalen

Man- fre kl. 9.00-17.00. Lørdag stengt.

[www.lovaasnaturstein.no](http://www.lovaasnaturstein.no)



Oppussing av  
gravmonumenter

Utfører vasking,  
rensing  
og oppatmaling.

Gunnar Nilsen 414 39 887



# Min salme

## I Guds stille

I byrjinga av gudstenesta i Den Norske Kyrkja er me stille for Gud. Saman. Eg har mange gonger tenkt at den augneblinken burde vare lenger. Me burde vere meir stille saman. Og me burde kanskje vere meir stille åleine.

I kvardagen min kan eg kjenne på at det er litt ubehageleg å ha det heilt stille kring meg. Eg vert så lett rastlaus. Radioen står nesten alltid på, og straks eg går ut heimefrå, finn eg fram øyreproppane for å lytte til ein podcast, litt musikk, eller kanskje enda meir radio. Konstant stimuli og konstant lyd. Så kjem eg til kyrkje på søndagen og vert beden om å vere stille for Gud. Eg får ingen oppgåver; ingen bønner skal

bedast, ingen lys skal tennast. Eg skal berre ein kort augneblink vere stille. Den augneblinken gjev meg mykje føde.

Eg har fleire gonger vore på besøk i det økumeniske klosterfelleskapet Taizé i Frankrike. Ein kan vitje klosteret året rundt, så lenge ein vil, men kvar påske er det kring 6000 ungdommar og vaksne frå heile verda som kjem til det lille klosteret. Etter at ungdommar tok til å besøke klosteret på 70-talet, har dei bygd tilhøyrande bygg for tilreisande, og åkrar vart til teltplassar. Alle besøkande er med på å drive staden, med dugnadsoppgåver som kosting av kyrkjegolv, kjøkkenteneste og oppvask.

I dei tre tidebønnene i Taizé står musikk heilt sentralt. I salmeboka vår finn me fleire av deira korte, fleirstemte songar. I Taizé vert ein slik song sunge opp att med det som kjenst som 50 gjentakningar, før ei av søstrene eller ein av brødrene syng eit "amen" over melodien, og dermed signaliserer at det er siste gong. Ein får god tid til å lære seg dei ulike songstemmene, og ein får rikeleg med tid til å reflektere over alle tenkjelege aspekt av den korte teksten ein syng. Ein får også tid til å kjenne på den urolege kriblinga i kroppen som signaliserer at dette langsomme tempoet, det er uvant kost.

Det andre viktige elementet i tidebønnene i Taizé er stillhet. Midt i bønna, innleia av ein song, kjem 10 lange, stille minutt. 10 minutt er ganske lenge å vere stille i utgangspunktet, og det er i alle fall lenge når ein sit rett på hard og gamal nålefilt, trøytt etter dagens dugnadsarbeid, og ofte ganske svolten ettersom måltida nokre gonger kjem like etter bønna. Når det i påska dessutan er kring 6000 menneske som skal få plass på golvet, fører dette i tillegg til ganske i avanserte, og direkte ubehagelege sitjestillingar. Dette var for meg den beste, men også den vanskelegaste delen av bønna. Eg hugsar at det var ei fin oppleving å vere stille i felleskap, men også at eg så gjerne ville gjere så mykje riktig. Be riktig, tenkje riktig, fokusere, prestere. Men tankane vandra fort, og den ubehagelege sitjestilliga tok ofte mykje plass i hovudet. Eg kunne ikkje la vere å tenkje at dette var eg dårleg til.

Under eit seminar spurde me ein av brødrene om dette - det var visst mange som hadde det på same måte. Me fekk til svar at det ikkje var nokon feil måte å

vere stille på. Når du er stille berre er du. Det treng ikkje prestere og meistre. La tankane flyte dersom dei gjer det, kjenn på den verkande kroppen – berre ver deg sjølv.

Den neste tidebønna kjendes det annleis å vere stille. Eg kunne sitje og kikke rundt på alle dei tusen menneska kring meg som også berre var. Mon tru om me ikkje vart litt betre kjend med oss sjølve berre ved å sitje slik og berre vere til?

Den kjensla eg kjende då, og nokre av dei tankane eg gjorde meg, fekk plutselig ord då eg hørde salme 458 "I Guds stille" for første gong. Teksten er skriven av den svenske biskopen Jonas Jonson, medan den norske omsetjinga er sett til ein nydeleg folketone frå Lom.

**I Guds stille får eg vera ordlaus, tagal, utan krav.**

**Klære rømdar, opne dagar: her ei strand ved nådens hav.**

**Og i Guds kjærleik vil eg kvila ynskt og elska, veit eg nøgd, øver meg i barnleg tillit, søker breidd og djupn og høgde.**

**I Guds Ande kan eg anda, nyskapt liv er bønnesvar.**

**Kvar ei stund av nærleik romar alt som er og blir og var.**

**Og ved Guds hjarte er eg boren, varleg teken i hans famn.**

**Medan løyndomen får djupna, kviskrar Faderen mitt namn.**

*Beste helsing,  
Mari Askvik*





dajen dar folk møtes

# FONNESDAGANE

9.-11. AUGUST 2019

fredag 18.00-23.00

**KONSERT PÅ FONNESKAIA MED  
NEVER MIND & REVY MED  
LINDÅS UNGDOMSLAG  
AUSTRHEIM UNGDOMSLAG**

laurdag 12.00-16.00

**Fønnesdajen på Fønneskaia: Shantykor, båtar, motorar, mopedar, fiskedam, lam, spleising, spikking, strikking, salsbodar, sildebord, utstilling, kafear og nygrilla hjort.**

sundag 14.00-16.00

**Familedag i Årvika. Ta med grillmat!**

**Varme grillar frå 14.00. Utegudsteneste kl 16.00.**

Billetter til konsert/revy  
kjem for sal snart. Følg med  
på [www.fønnesbygdelag.no](http://www.fønnesbygdelag.no) og  
[facebook.com/fønnesbygdelag](https://facebook.com/fønnesbygdelag)



FONNES  
BYGDELAG



## *Refusjon av utgifter til kremasjon:*

Soknerådet vedtok på sitt siste møte å innføra ei ny ordning, der vi refunderer utgiftene til kremasjon, for dei som vel denne løysinga. Tidlegare har soknerådet og kommunestyret vedtatt nye festeavgiftssatsar. I dette vedtaket vart det bestemt at avgiftssatsen for urnegraver, skal vera halvparten av avgifta for kistegraver. Når soknerådet no har bestemt seg for å refundera kremasjonsutgiftene, så heng begge desse vedtaka betre saman.

Til no har det vore slik at dei som vel kremasjon og urnegravlegging, må betala kremasjonsavgifta sjølve. Dette er ei ekstra utgift for alle som bur i kommunane rundt Bergen. Det er berre Bergen som har krematorium i vår region. Dette er ei teneste som er og kjem til å vera sentralisert. Alt anna er urealistisk.

Soknerådet har difor vedteke å gå inn for å dekkja desse ekstra kostnadane. Soknerådet kjem ikkje til å dekkja desse utgiftene for dei som vel askespreiing. Argumentet som er vektlagt her er at dei som vel denne løysinga vel ei privat ordning som ikkje involverer gravplassforvaltninga.

Reint praktisk vert refusjon ordna slik at pårørande som vel kremasjon leverer kopi av betalt faktura til kyrkjekontoret. Dei vil då få desse utgiftene refundert fortløpande. Denne praksisen vil gjelda inntil gravplassforvaltninga i Bergen (som har krematoriet) får til ei ordning med direkte fakturering. Som vanleg ved alle regelendingar så har heller ikkje denne ordninga tilbakevirkande kraft. Ta kontakt med kyrkjeverja om du har spørsmål.

**Leif Arne Økland**  
kyrkjeverje





**KILSTRAUMEN**  
BRYGGE

**ME HAR EIT RIKT UTVALG PÅ VÅR CATERINGMENY,  
MELLOM ANNA SNITTER OG KOLDTBORD**

BESTILL GJERNE PÅ TELEFON: 952 13 012 ELLER 948 53 975  
LES MEIR PÅ VÅR HEIMESIDE: WWW.KILSTRAUMEN.COM



## 22. juni - Jonsok feiring og Vardetangsløpet 2019

**kl: 15.00** Konkurranseløp  
Årvika/Torvneset/Årvika/Tresvik/Årvika  
Aldersgrense frå 13 år

**kl: 15.15** Barneløp  
Årvika - moloen / Tresvik – Årvika  
Aldersgrense frå 6 til og med 12 år

**kl: 16.00** Mosjonsløp/tur frå  
Årvika - Vardetangen - Årvika

Påmelding i Årvika  
frå kl: 14.00

Kr. 20,- for barneløp  
og mosjonsløp

Kr. 40,- for  
konkurranseløp

Mange fine premiar  
både på startnummer  
og plassering

Alle løp er i  
samarbeid med AIL



Ta med  
grillmat,  
varme grillar  
i Årvika

**kl: 17.00 Jonsokfeiring, bål tennes kl: 18.00**  
Sal av rømmegrout (kr. 50,-), pølser (kr 20,-) kaffi og kaker  
Utlodning og Quiz  
Felles grillar for dei som vil ha med eigen grillmat og drikke  
Husk småpenger/kontanter til salg og loddsal. Vi har Vipps: Fonnes Bygdelaag  
NB! Atterhald om grilling pga. tørke



**FONNES  
BYGDELAG**

### ANNONSE I KYRKJEBAKKEN?

1/1 side + bakside	kr.1.000,-
3/4 – 2/3 side	kr. 750,-
1/2 side	kr. 500,-
1/3 side	kr. 350,-
1/4 side	kr. 250,-
Små annonser	kr. 150,-
Korte takkeannonsar er gratis.	

